



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjefylkesmann for handsaming av dispensasjon til utviding av eksisterande kai på gnr. 1 bnr. 73 på Flatøy i Meland kommune.

Vi viser til brev frå Meland kommune datert 11.09.2019. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå reguleringsplan for Flatøy sør/aust og kommuneplanen sin arealdel for ovanfor nemnde tiltak.

Utval for drift og utvikling gav i vedtak datert 11.06.2019, i sak 56/2019, dispensasjon for utviding av eksisterande kai.

Vedtaket vart klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev datert 05.07.2019.

Utval for drift og utvikling handsama klaga i møte den 03.09.2019, i sak 72/2019, og klaga vart ikkje teken til følge. Det vart gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Fylkesmannen i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning jf. [nye rutiner ved forsendelse av settefylkesmannsaker etter plan og bygningsloven](#)

Med helsing

Egil Hauge
rådgjevar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Meland kommune

Hilleren Prosjektering

AS

Postboks 79

Skulebakken 2-4

5906

5355

FREKHAUG

KNARREVIK